

Hyllestad kommune  
[www.hyllestad.kommune.no](http://www.hyllestad.kommune.no)

Informasjonsbrosyre om kommunereforma

# **NO**

## **SKAL DU SEIE DI MEINING OM KOMMUNE- REFORMA!**

# Dei ulike kommunealternativa:

Politikarane i 10 kommunar vedtok hausten 2015 fire ulike intensjonsavtalar om å slå seg saman til ein større kommune. I ettertid har Gloppen trekt seg ut, og fleire av kommunane har parallelt jobba med andre alternativ i lag med andre kommunar.

Det betyr at både politikarane og innbyggjarane må stilling til fleire alternativ enn dei som i dag ligg på bordet, men dei tre mest aktuelle alternativa er:



## SiS:

Flora, Førde, Jølster, Gauldal og Naustdal.

**Folketal 2015:** 33.436 innbyggjarar

**Framskrive 2040:** 38.203 innbyggjarar



## Liten SiS:

Førde, Jølster, Gauldal og Naustdal.

**Folketal 2015:** 21.564 innbyggjarar

**Framskrive 2040:** 25.162 innbyggjarar



## HAFS:

Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Solund ønskjer å stå åleine.

**Folketal 2015:** 8.036 innbyggjarar

**Framskrive 2040:** 7.801 innbyggjarar

I tillegg er Sognefjordalternativet aktuelt for innbyggjarane i Hyllestad. Dette er ei samanslåing av kommunane Balestrand, Høyanger og Hyllestad. Denne kommunen vil ha 6.878 innbyggjarar. Det siste alternativet er at kommunane held fram som i dag, det vil seie som eigne kommunar.

I løpet av våren blir saka avgjort av politikarane i dei ulike kommunestyra. Men først skal innbyggjarane seie si meining. I Hyllestad, Jølster, Askvoll, Naustdal, Flora og Gauldal skjer dette i form av ei **rådgjevande folkerøysting 4. april**.

I Førde, Fjaler og Solund blir det gjennomført ei **ny innbyggjarundersøking**.



## Intensjonsavtalane:

Dei ulike alternativa til nye kommunar er bygd på vedtekne intensjonsavtalar i kommunestyra. Innhaldet i avtalane er ganske likt, med ein vesentleg skilnad. I alternativet SiS (Flora, Førde, Naustdal, Gauldalen, Jølster) er føremålet å **«Utvikle eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund».**

Dei andre måla er like for alle alternativa:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane (*Gjeld ikkje HAFS-alternativet*)
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Skipe ein livskraftig og attraktiv ny kommune

I intensjonsavtalane er det også vektlagt at førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod skal vere der dei er i dag. I tillegg er det ei målsetjing på sikt å få tilført nye oppgåver frå sentral og regional stat, og frå fylkeskommunen.

**Meir informasjon om intensjonsavtalane finn du på  
[www.prosjektsunnfjord.no](http://www.prosjektsunnfjord.no)**



## Viktige datoar:


4. april: Rådgjevande folkeavrøystingar og innbyggjarundersøking blir gjennomført
8. april: Felles formannskapsmøte
30. april: Kommunestyrehandsaming om samanslåing er gjort
30. juni: Evt. kommunestyrehandsaming 2 er gjennomført
- Sommar 2016: Nytt inntektssystem for kommunane blir vedteke
- Haust 2016: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si tilråding i høve kommunesamanslåing ligg føre
- Vår 2017 Stortingsproposisjon om
  - Ny kommunestruktur
  - Nytt regionalt nivå (både folkevald og statleg)
  - Nye/endra oppgåver (samla for kommune og region)
  - Naudsynte lovendringar
1. januar 2020: Ny kommunestruktur på plass

**Meir informasjon finn du her:**

**<http://prosjektsunnfjord.no>**

eller les informasjonsavisa «Puslespelet» på nett:

**<http://issuu.com/informmedia/docs/ps-2015>**



## Desse alternativa blir rådgjevande for det vidare arbeidet med kommunereforma

Innbyggjarane i Hyllestad kommune skal i ei rådgjevande folkerøysting **4. april** røyste over desse fire alternativa:

### **Alternativ A:**

- NEI** Hyllestad kommune slår seg ikkje saman med ein eller fleire kommunar

### **Alternativ B:**

- JA** Hyllestad kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar: Førde, Flora, Jølster, Gauldal, Naustdal, Askvoll, Fjaler og Solund (SiS)

### **Alternativ C:**

- JA** Hyllestad kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar: Askvoll, Fjaler og Solund (HAFS)


### **Alternativ D:**

- JA** Hyllestad kommune slår seg saman med følgjande kommunar: Balestrand og Høyanger (Sognefjord kommune)

---

Utgreiinga om Sognefjordalternativet kan ein lese på Hyllestad kommune sine nettsider:

[www.hyllestad.kommune.no/politikk-og-samfunn/kommunereform/rapportar-fra-utgreiingsarbeid-om-kommunesamanslaing.12090.aspx](http://www.hyllestad.kommune.no/politikk-og-samfunn/kommunereform/rapportar-fra-utgreiingsarbeid-om-kommunesamanslaing.12090.aspx)



## Slik grunngjev ordføraren korleis ein har kome fram til røystealternativa

### Ordførar i Hyllestad, Morten Askvik (Sp):

I Hyllestad har kommunestyret gjort vedtak om å ha fire alternativ til folkerøysting. Dei fire alternativa er at Hyllestad held fram som eigen kommune, Sunnfjord-alternativet, Hafsalternativet og Sognefjordalternativet.

I 2015 og 2016 har dei ulike alternativa vore utgreidd, samt at det har vore forhandlingar mellom kommunane. Ut frå det er det intensjonsavtalar som ligg til grunn for sammsslåingsalternativa. Vi i kommunestyret bestemte at vi skal ha folkeavrøysting om kommunestruktur. Det var eit samstemt politisk miljø som såg på det som sjølvsagt, fordi spørsmålet om endring i kommunestruktur er så viktig at det er riktig å høyre folkeviljen på best mogleg måte. Vi meiner at folkerøysting gjer flest mogleg høve til å verte høyrd.

For første gong skal 16-åringane få ta del i val i Hyllestad. Alle som er fødde innan 31.12.2000 kan ta del i valet. Det politiske miljøet i Hyllestad er samstemde i at det er viktig at ungdommane får vere med røystinga. Folkerøysting om kommunestruktur er rådgjevande. Det betyr at det viktig med god valdeltaking. Jo høgare valdeltaking, jo meir vekt har rådet frå folket. Derfor håpar eg at flest mogleg tek del i valet. Hugs at det er mogleg å førehandsstemme.

